

Kluss på lina i velstand

Telenor vil avskaffa fasttelefonen i heile landet. Det er eit dårleg signal for Øystein Senneseth, som har store problem med å finna mobildekning mellom høge fjell i Mostraumen.

OVE A. OLDERKJÆR
ROAR CHRISTIANSEN (foto)
ove.olderkjaer@bt.no
Modalen

– Viss telefonen er plassert akkurat der i stoveglaset, eller viss eg dreg ned på kaien, ut i båten eller opp på ein fjelltopp. Då er det høg, seier Senneseth.

Kommunikasjon med omverda er ikkje lenger så enkelt å få til på det idylliske småbruket i Mostraum som ein gong var både rutebåtstopp og postkontor. Å leita etter mobilsignal er ei dagleg øving med uvisst utfall for den 54-årige sjømannen frå Bergen som har overteke Modalen-bruket som har vore i slekta si eige sidan 1600-talet.

Over sjø og land

Den junidagen Bergens Tidende er på besøk, er Senneseth likevel ein lukkeleg mann. For dagen i førevegen sende Telenor endelig ein reparatør hit for å gjenopna ei eldgammal telefonline som går i sjø og over land fram til Senneseths klynge av hus, ei teneste han har mast på teleselskapet om sidan august i fjor.

Derfor er det dobbelt ironisk at Telenor nyleg varsla at all fasttelefon basert på kopartråd skal avviklast – og at første kommune ut er Modalen. No er det trådløse mobiltelefoni som overtek. – Modalen er først i vårt pilotprosjekt. Men før fasttelefonnettet blir fjerna, vil vi gå inn og analysere telefoniforholda grundig og tilby fullgode erstatningsprodukt, seier Arne Quist Christensen, programdirektør i Telenor. Han og dekningsdirektør Bjørn Amundsen drar til Modalen torsdag for å drøfta telefonisituasjonen i kommunen med ordførar og rådmann.

Fire utan dekning

– Våre målingar viser at fire av vel 350 innbyggjarar ikkje har mobildekning. Vi fjernar ikkje fasttelefonen før det er etablert erstatningstilbod, seier Christensen, som seier det kan bli tale om eit spleiselag med kommunar som Modalen for å sikra mobildekning eller radiolink til dei mest fjerntliggjande husstandane.

– Ein basestasjon for mobiltelefon kostar fort ein million kroner, seier han.

Kraftrike Modalen kommune har vore ein føregangskommune innan telekommunikasjon,

fakta telefon før og no

- I 1876 tok skotskamerikanaren Alexander Graham Bell patent på verdas første telefon. Men italienaren Antonio Meucci hadde 40 år tidlegare lukkast med taleoverføring gjennom kopartråd.
- Offisielt innført i Noreg i 1880, automatisering starta i 1913, fullført på 70 år seinare.
- Det første manuelle mobilnettet etablert i Noreg i 1966, automatisert frå 1981.
- I dag startar over 70 prosent av alle norske telefonsamtalar i eit mobilnett.

KJELDER: DARIA.NO,
POST- OG TELETILSYNET

med først radiolinkar og seinare fiberframføring til så å seia alle bedrifter og fastbuande. For hyttefolket er det ingen konkrete fiberplanar, mange av dei slit med dårleg eller fråverande mobildekning. Kommunen har framleis 90 fastkundar knytt til det gamle kopartrådnettet.

– Ikkje godta

– Også vi har gjort oss avhengige av moderne kommunikasjonsmedium. Vi kan ikkje godta eit dårlegare tilbod enn i dag, seier Modalen-rådmann Øivind Olsnes om Telenors planar. Han seier at kommunen vil møte selskapet med eit ope sinn torsdag, og veit at mobilnettet i Modalen uansett må oppgraderast.

– Det er beklageleg at meldinga om Modalen og fasttelefonplanane kom så kjapt ut. No må vi få snakka skikkeleg med kommunen, seier Telenorsjef Arne Quist Christensen.

Dei eldste norske telefonlinene med kopartråd er rundt hundre år gamle, blant anna i deler av Bergen. Telenor har sett 2017 som eit naturleg år for avvikling av all norsk fasttelefon, som har stuft i tal abonnentar etter tusenårsskiftet. Det norske folk sviktar også fasttelefon basert på fibertråd og digitalnett (ISDN), til fordel for mobiltelefonen. I dag er det like mange mobilabonnement som det er nordmenn.

– I 2017 går noverande avtalar med dei to leverandørane



KONTAKT: Nede på kaien er eitt av to-tre små punkt i Mostraum med mobildekning for Øystein Senneseth, om vëret er bra.




STOPP: I gamlestova i Mostraum står restane av postkontoret som var på garden. Rutebåten er også borte, og telefonsambandet heng i ein tynn tråd for bebuar Øystein Senneseth.

våre, Alcatel-Lucent og Ericsson ut. Men dei kan forlengjast, og kopartrådnettet vil enno i

mange år bli brukt av breibandkundar, seier Arne Quist Christensen.

Fasttelefon på retur

Fasttelefon omfattar også breiband og ISDN. Tal i millionar abonnentar.



Kjelde: Post- og teletilsynet © BT

23.mai 2011

10.juni 2011

27.desember 2011

Då mobilnettet slokna


Eit kabelbrot set Telenors mobilnett ut av drift i fleire timar over store deler av landet.

Ein serverfeil gjer at Telenors mobilnett er ute opptil 18 timar i heile landet.

Stormen Dagmar fører til straumbrot og utkopling av nær 730 basestasjonar for mobiltelefon. Over 30.000 abonnentar er også utan fasttelefon.



skommunen




28 seilere til Shetland

Tar du turen ut til Marsteinen fyr klokken ett i dag, sirkler 28 seilbåter rundt startlinjen i Shetland Race. Seks timer tidligere la seks seilere fra Ålesund ut på ferden mot Lerwick. – Makstiden er 50 timer fra Bergen. De som ser at de ikke når frem i tide, starter motoren. Folk vil gjerne være der et par dager før starten hjem går klokken 11 søndag lokal tid, sier pressekontakt Ulf Hjellevad i Shetland Race. Og det er ingen kuling eller storm i sikte. – Egnetlig blir det altfor rolig. Vi liker oss bedre når det er god bøl, sier Hjellevad. De første kommer i mål ved Marsteinen mandag formiddag.

Legger ned 500 mottaksplasser

OSLO: UDI har besluttet å legge ett asylmottak helt ned og til sammen 500 mottaksplasser forsvinner i løpet av det neste halvåret. Utlendingsdirektoratet har vedtatt å fjerne mottaksplasser i alle regioner bortsett fra Oslo. Arendal asylmottak lagt ned i sin helhet – i denne omgang. Det er den gradvise nedgangen i antall asylsøkere de siste årene som har ført til at UDI bygger ned mottakene og antallet plasser. NTB



Avslører laksens hemmeligheter

OSLO/TRONDHEIM: Snart er hele laksens genmateriale kartlagt. Da finner forskerne kanskje også svaret på hvordan villaksen finner veien hjem. Forskere i Canada, Chile og Norge har i flere år samarbeidet om kartlegging av laksens gener. I løpet av et års tid vil trolig hele laksens arvemateriale være beskrevet, sier professor Stig Omholt ved Universitetet for miljø og biovitenskap (UMB). Kunnskapen vil være av stor verdi både for oppdrettsnæringen og villaksforvaltningen.

Mistanke om illegal ulvejakt

TRONDHEIM: Rovdata, som overvåker ulvebestanden i Norge, har mistanke om omfattende illegal ulvejakt. Overvåkingen av ulv viser at nesten halvparten av de norske alfadyrene, foreldrepærene, er blitt borte det siste året. Det kommer frem i en forsk rapport Høgskolen i Hedmark har laget på oppdrag fra Rovdata. Rovdata ser ikke annen rimelig forklaring på det kraftige svinnet enn illegale jakt.

Kvinner slår ring om fasttelefonen

Norges Kvinne- og Familieforbund vil appellere til regjeringa for å hindra at Telenor legg ned fasttelefonen.

– Viss regjeringa ønskjer at det framleis skal bu folk ute i distrikta, så må ho ta følgjene av det og gripa inn overfor Telenor, seier forbundsleiar Elisabeth Rusdal. Kvinne- og familieforbundet har vel 230 lokallag med i alt over 4000 medlemmer landet rundt.

Ifølgje forbundet er mobilnettet ikkje godt nok utbygt, heller ikkje trygt nok ved straumutfall. I tillegg kan mange eldre ha problem med å handtera mobiltelefonar.

– Det er straumbrot vi fryktar mest, vi har sett fleire eksempel

dei siste åra på kva det kan gjera med beredskapen og tryggleiken når mobiltelefonen ikkje lenger kan nyttast. Dessutan er det store, kvite flekkar utan mobildekning, argumenterer Rusdal til fordel for trådbasert fasttelefon.

– Det er mogeleg at vi som kvinner av og til ser litt lengre enn andre når det gjeld omsorg, som at det her kan oppstå hol i beredskapen. Det er ikkje sikkert at det offentlege alltid vil stå klar til å hjelpa deg om kritesituasjonar oppstår, seier Elisabeth Rusdal.

Programdirektør Arne Quist Christensen i Telenor seier at selskapet ønskjer å gå i dialog med Kvinne- og familieforbundet.



12.januar 2012

Ein firedel av NetCom- og Chesskundane er utan mobildekning i nær sju timar på grunn av datafeil.

13.januar 2012

Post- og teletilsynet og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap legg fram sårbaranalyser med nye beredskaps-tilrådingar til kommunane.

Advarer mot høye lån

OSLO: Mens eurosamarbeidet vaker og arbeidsledigheten ute i Europa når nye høyer, er nordmenn flest fri for økonomiske bekymringer. Det gjør statsministeren urolig. – I gode tider gjør man ofte feil som bringer dårlige tider, sier statsminister Jens Stoltenberg (Ap) til NTB. – Vi har sett så mange ganger før at bobler sprekker. At alle låner mye, gjør at prisen presses oppover og vi får en spiral, sier han. NTB



“
Veilederen min forklarer
det kompliserte på en enkel
og forståelig måte

BJARTE HALSØY
Student, fagskoleutdanning i Rehabilitering

GRATIS FAGSKOLEUTDANNING

Spesialisering for helsefagarbeidere, hjelpepleiere og omsorgsarbeidere.
Studiestart høst 2012 www.nks.no/helse

 NKS Nettstudier
PÅ NETT MED DE BESTE